

PROTOKOLL – OPEN DEL - FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Scandic Flesland Airport hotell
Teams

MØTETIDSPUNKT: 15.03.2023 14.00-16.30

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Arve Varden	Medlem
Helle Kristine Schøyen	Medlem
Clara Beate Gram Gjesdal	Medlem
Ola Jøsendal	Medlem
Sissel Reigstad	Medlem
Hilde Fossmark Helvig	Medlem
Siri Bergsholm Bjørhovde	Medlem

DELTAKARAR FRÅ FØRETAKET

Jon Bolstad	Administrerende direktør
Ola Rye	Økonomidirektør
Berit Beate Berntsen	HR- og org. direktør
Christer Bakke Frantzen	Fagdirektør
Bernt Flekke	Kommunikasjons- og marknadsdirektør
Grethe Bjørndal	Kontorsjef (referent)

OPEN DEL

Sak 04/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering

Deltakarar deltok i møte på møtestaden, og på Teams på oppsett teamsmøte.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner innkalling og dagsorden.

Sak 05/23 Godkjenning av protokollar frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 08.12.2022, og protokoll frå ekstraordinært styremøte 22.02.2023, open del

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 08.12.2022 og protokollen frå styremøte 22.02.2023, open del.

Sak 06/23 Administrerande direktør si orientering

Oppsummering

1. **Årsrapport kvalitet for Sjukehusapoteka Vest 2022**
2. **Internasjonalt samarbeid i Sjukehusapoteka Vest – status**
3. **Revisjonsprogram 2023-26**
4. **Legemiddelproduksjon apotekteknikarutdanning Karmsund vidaregåande skule**
5. **Masteroppgåver for studentar**
6. **Konferanse om legemidlar for born**
7. **Medisinstart-suksess i 2022**
8. **Overordna status drift i Sjukehusapoteka Vest**
9. **Rapport Statens legemiddelverk (SLV)**

Vedtak (samrøystes)

1. *Styret tek meldingane til vitande.*
2. *Styret ber om status på tiltak frå Årsrapport kvalitet 2022 i eit seinare styremøte.*
3. *Når det gjeld rapport frå Statens legemiddelverk (SLV) ber styret om fortløpande orientering om plan for oppfølging av avvik inntil alle avvik er lukka.*
4. *Styret ber administrasjonen gjere aktive grep for å styrka teknisk og farmasøytisk kompetanse og kapasitet ved Sjukehusapoteket i Bergen.*

Sak 07/23 Årsrekneskap og Årsmelding 2022 for Sjukehusapoteka Vest HF

Oppsummering

Saka omhandlar framlegging av revisorgodkjend Årsrekneskap for 2022 og Årsmelding 2022. Årsrekneskapet for 2022 viser eit overskot på 9.903 mill. kroner.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek årsrekneskap og årsmelding for Sjukehusapoteka Vest HF for 2022. Styret ber om at årsrekneskapet og årsmelding vert lagt fram for føretaksmøte som føretaket sitt årsrekneskap og årsmelding for 2022.

Sak 08/23 Rapportering leiarløn 2022 for Sjukehusapoteka Vest HF**Oppsummering**

I vedtekter for Sjukehusapoteka Vest §15 er det stadfesta at

«Sjukehusapoteka Vest HF skal følge allmennaksjelova §§ 6-16a Retningslinjer om fastsettelse av lønn og annen godtgjørelse til ledende personer i noterte selskaper, 6-16b Rapport om lønn og annen godtgjørelse til ledende personer i noterte selskaper og Forskrift om retningslinjer og rapport om godtgjørelse for ledende personer.» Retningslinjer i samsvar med allmennaksjelova § 6-16a og forskrifta skal bli lagt fram for godkjenning for ordinært føretaksmøte frå og med 2022.».

Retningslinje for leiarløn i Sjukehusapoteka Vest HF vart godkjend i føretaksmøte 14.03.2023 mellom Helse Vest RHF og Sjukehusapoteka Vest HF. Føretaket legg med dette fram for styret lønsrapport om leiarløn 2022 for Sjukehusapoteka Vest.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner rapportering om leiarløn 2022 for Sjukehusapoteka Vest HF og ber leiinga legge lønsrapport fram for Helse Vest RHF i neste føretaksmøte.

Sak 09/23 Styringsdokument 2023 for Sjukehusapoteka Vest HF**Oppsummering**

Styringsdokumentet klargjer premissar og rammer som gjeld for SAV, og inneheld mål og resultatkrav som blir stilte til SAV frå eigar. Styringsdokument blei vedteken i føretaksmøte 16.02.2023. Det er eit krav til at ein gjer seg kjend med styringsdokumentet og legg dette til grunn for arbeidet framover.

Vedtak (samrøystes)

Styre tek styringsdokument 2023 for Sjukehusapoteka Vest HF til vitande.

Sak 10/23 Revisjon retningslinje for Brukarutval i Sjukehusapoteka Vest HF**Oppsummering**

Det viser seg at retningslinjer for brukarutval i Helse Vest ikkje gjer rom for at innmelding av medlemmer kan kome frå andre brukarutval i regionen. Difor ynskjer administrasjonen at retningslinjer for Brukarutval i Sjukehusapoteka Vest HF blir revidert skik at det ikkje blir motstrid mellom dei ulike retningslinjene. Av dette følgjer at nominasjon av

medlemmer til brukarutval i Sjukehusapoteka Vest må kome direkte frå aktuelle organisasjonar i regionen.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtar revidert Retningslinje for Brukarutval i Sjukehusapoteka Vest HF.

Sak 11/23 Areal for Sjukehusapoteket i Bergen – IKKJE BEHANDLA

Oppsummering

Saka vart trekt i møtet, og utsett til neste styremøte.

Sak 12/23 Eindoseanlegg i Helse Vest – søknad om finansiering

Oppsummering

Søknad om finansiering (internt lån) av eindoseanlegg i Helse Vest vart sendt frå Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Bergen HF til Helse Vest RHF 13.01.2023. Søknad vart sendt då for å få denne med i HV sin vurdering og prioritering inn i konsernbudsjettet sitt. Her søker Helse Bergen om lån til investering på inntil 25 mill. kroner for å realisera areal, og Sjukehusapoteka Vest om lån på 20 mill. kroner til kjøp av utstyr og innreising.

Då avklaringar på finansiering hastar av di oppstart av nye sjukehusbygg har lagt til grunn bruk av eindose, samt at det tek tid å ferdigstille areal for produksjonsanlegget, vart søknad sendt eigar før formell godkjenning i styret for Sjukehusapoteka Vest. Styreleiar vart informert om saka. Noværande sak er formell behandling av søknaden i Sjukehusapoteka Vest HF.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner søknad om finansiering (internt lån) av eindoseanlegg i Helse Vest for den delen av søknaden som gjeld Sjukehusapoteka Vest HF.

Sak 13/23 Val av styremedlemmer til styret i Sjukehusapoteka Vest HF, valt av og blant dei tilsette

Oppsummering

Saka omhandlar val av styremedlemmer til styret i Sjukehusapoteka Vest HF med kunngjering av valresultat for val av medlemmer, og varamedlemmer for 2023-25. Valet er gjennomført i samsvar med gjeldande forskrift § 10 siste ledd:

Valresultat (gjeld fram til 28.02.2025):

1. Hilde Fossmark Helvig, Sjukehusapoteket i Stavanger, provisorfarmasøyt
2. Sissel Reigstad, Sjukehusapoteket i Bergen, teknisk
3. Siri B. Bjørhovde, Sjukehusapoteket i Haugesund, provisorfarmasøyt

Vedtak (samrøystes)

Styre tek val av styremedlemmer til styret i Sjukehusapoteka Vest HF, av og blant dei tilsette, til vitande.

Skriv og meldingar

1. Løypemelding risikoområde legemiddel (ROMLE)
2. Brev frå Helse Vest av 01.12.2022 om brev frå Forsvaret vedrørande bruk av medisinske fagspesialistar med Forsvaret som hovudarbeidsgjevar
3. Høyring - Endringer i blåreseptforskriften – Høyringssvar frå Apotekforeningen av 13.12.2022
4. Høyring – Innretning av legemiddelberedskapslager for primærhelsetjenesten – Høyringssvar frå Sjukehusapoteka Vest til Helse Vest av 20.12.2022
5. Høyring – Legemiddelgrunndata – analyse av behov og omfang – Høyringssvar frå Helse Vest RHF, Helse Bergen, Helse Vest IKT og SAV
6. Årsmelding FAMU 2022
7. Brev av 02.01.2023 frå Kommunal- og distriksdepartementet om Oppfølging av notatet «Om tillitsreformen». Notat lagt ved.